



# **DELÅRSRAPPORT**

## **1. kvartal 2016**

Voss, 19. april 2016  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2016

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for 1. kvartal på 5,3 mill. kr, ein auke på 1,9 mill. kr i forhold til 1. kvartal i fjor. Resultatet tilsvarar 0,57% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,35% i fjor. Totalresultatet pr. 31.03 i år er på 4,4 mill. kr mot 3,9 mill. kr i fjor.

Etter skatt er resultatet i 1. kvartal 3,9 mill. kr (0,42%) mot 2,5 mill. kr (0,26%) i fjor. Auken i kvartalet kjem frå betre netto renteinntekter og auke i andre inntekter.

Etter nye reglar i IFRS har banken i 1. kvartal i år kostnadsført heile avgifta til Bankenes Sikringsfond med totalt 2,1 mill. kr, medan denne i tidlegare år har vore periodisert utover året. Denne endringa fører til ein kostnadsauke i resultatrekneskapen i 1. kvartal i år på 1,6 mill. kr i forhold til fjorårstala.

## RENTEMARGIN

I 1. kvartal bokfører banken netto renteinntekter med 16,8 mill. kr, ein auke på 1,2 mill. kr i forhold til 1. kvartal i fjor. Rentemarginen i 1. kvartal er på 1,81% mot 1,59% for 1. kvartal i fjor. Korrigert for den ekstra kostnadsføringa av full sikringsfondsavgift er samanliknbar rentemargin i 1. kvartal 1,98%.

## INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

I 1. kvartal har banken kostnadsført 0,4 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar på aksjar og rentefond, mot ei inntektsføring på 0,8 mill. kr i 1. kvartal i fjor.

På obligasjonsporteføljen har banken i 1. kvartal bokført realisert tap på 0,6 mill. kr mot tap på 2,3 mill. kr i 1. kvartal i fjor.

## DRIFTSKOSTNADER

I 1. kvartal i år er samla driftskostnader 12,5 mill. kr, ein auke på 0,5 mill. kr samanlikna med 1. kvartal i fjor. Driftskostnadane er om lag som budsjettert. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,33% i år mot 1,22% i fjor.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 1. kvartal har banken konstatert tap på utlån på 0,1 mill. kr mot 0,8 mill. kr i 1. kvartal i fjor. Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved utgangen av året er på 45,1 mill. kr, ein reduksjon på 18,9 mill. kr frå 1. kvartal i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 1,36 % i år, mot 2,01% ved utgangen av 1. kvartal i fjor. For nærmare spesifikaasjon sjå eigen tapsnote.

## RÅDVELDEKAPITAL

I 1. kvartal er rådveldekapitalen redusert med 31 mill. kr, eller 0,84 %, til 3.720 mill. kr. Banken har i 1. kvartal innløyst obligasjonslån med 25,5 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen redusert med 59 mill. kr, eller 1,57%.

## INNSKOT

I 1. kvartal er innskota redusert med 21 mill. kr eller 0,73%. Siste 12 månadane har innskota auka med 39 mill. kr, eller 1,39%.

Pr. 31.03.16 har banken ei innskotsdekning på 86,9% av brutto utlån, mot 89,1% på same tid i fjor.

## UTLÅN

Banken har i 1. kvartal hatt ein auke i utlån på eige bok på 147,8 mill. kr eller 4,66%. Netto vekst på utlån formidla gjennom EBK i 1. kvartal er minus 0,5 mill. kr.

Pr. 31.03.16 er brutto utlån til kundar 3.323 mill. kr, mot 3.199 mill. kr pr. 31.03.15. Dette utgjer ein

auke dei siste 12 månadane på 124 mill. kr eller 3,9%. Når overførte nye utlån til EBK vert teken med, er samla utlånsvekst siste 12 månader på 162 mill. kr eller 4,8%.

Av samla utlån ved kvartalsskiftet er 2.695 mill. kr (81,1%) til personkundar og 628 mill. kr (18,9%) til næringskundar.

## LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.889 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 570 mill. kr eller 19,7%. Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene.

Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR 178% berekna etter nye forskrifter.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 420,1 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 21,13 % utan at resultat i år er rekna med.

Kjernekapitalen er 376,2 mill. kr, eller 18,92%. I høve til minimumskrava er overdekninga 261,1 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 355,2 mill. kr, eller 17,86%.

## DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

### 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

<u>Namn</u>	<u>Andel</u>	<u>Beholdning</u>
VOSS SPAREBANK	10,00 %	189.980
SPAREBANKEN ØST	5,72 %	108.772
MP PENSJON PK	4,76 %	90.526
AS FLU	4,74 %	90.000
BERGEN KOMMUNALE PEN	2,63 %	50.000
AUGUST RINGVOLD AGEN	2,46 %	46.771
BJØRKEHAGEN AS	1,89 %	35.990
WERGELAND HOLDING AS	1,29 %	24.500
FANA SPAREBANK	1,21 %	23.000
SKOGSBORG AS	1,08 %	20.440
JOH. RASMUSSEN & RAC	1,05 %	20.000
FØRLAGSHUSET VIGMOST	0,93 %	17.700
NOTOV AS	0,85 %	16.090
SLÅPEKROKEN AS	0,79 %	15.040
HAUKÅS KONSULENTENE	0,79 %	15.000
FJORDSYN AS	0,77 %	14.600
NORDNET LIVSFORSIKRI	0,67 %	12.820
RIO INGUNN	0,66 %	12.580
LANGMYHR TRYGVE	0,63 %	12.000
KLØVE-GRAUE ASTRID	0,63 %	12.000
<b>Sum for dei 20 største eigarane</b>	<b>43,57 %</b>	<b>827.809</b>
<b>Øvrige eigarar</b>	<b>56,43 %</b>	<b>1.072.191</b>
<b>Totalt utstedte aksjar</b>	<b>100,00 %</b>	<b>1.900.000</b>

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 1. kvartal:

kr 191,85

Børskurs ved utgangen av 1. kvartal var :

kr 121,00

## **REVISJON**

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## **REKNESKAPSPRINSIPP**

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

## **UTSIKTENE FOR 2016**

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalkmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Konkurransen i rentemarknaden er hard. Det låge rentenivået skapar utfordringar i heile næringa, ved at det snart ikkje lenger er råd å redusera rentesatsane på innskot lenger ned. Spreadutgangen ein opplevde i andre halvår 2015 på finanspapir har ført til låg inntening på banken sin finansportefølje. Normalisering av spreadnivåa på slike plasseringar som ein ser er på veg vil monaleg syna att i kvartala framover. Det store fallet i rentemargin banken opplevde i fyrste halvdel av 2015 har stabilisert seg, og rentemarginen etter 1. kvartal er auka til 1,83% frå 1,64% i fyrste kvartal i 2015. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt, vil styrkja banken sitt inntektsgrunnlag framover. Styret håper optimismen som er skapt ved valet av K5 som utbyggingsløysing for strekninga Voss – Bergen vil føra med seg vidare positiv utvikling i bygda med vekst i folketal, ny bustadbygging og vilje til nyinvesteringar i lokalt næringsliv.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.03.16	31.03.15	31.12.15
Renteinntekter og liknande inntekter	28.047	34.549	128.907
Rentekostnader og liknande kostnader	11.162	18.827	59.020
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>16.885</b>	15.722	69.887
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	105	936	1.449
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	2.152	1.651	9.165
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-927	-940	-3.632
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-386	-1.974	-6.541
Andre driftsinntekter	27	47	188
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>971</b>	-280	629
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>17.856</b>	15.442	70.516
Personalkostnader	5.185	5.135	18.953
Administrasjonskostnader	4.309	3.745	16.741
Ordinære avskrivningar	1.737	1.746	6.977
Andre driftskostnader	1.270	1.389	4.424
<b>Sum kostnader</b>	<b>12.501</b>	12.015	47.095
<b>Resultat før tap</b>	<b>5.355</b>	3.427	23.421
Tap på utlån, garantiar m.v.	31	-32	77
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0
<b>Netto tap og avskrivningar</b>	<b>31</b>	-32	77
<b>Resultat før skatt</b>	<b>5.324</b>	3.459	23.344
Skatt på ordinært resultat	1.459	965	6.547
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>3.865</b>	2.494	16.797
<b>Andre inntekter og kostnader</b>			
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	840	1.933	7.257
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-246	-522	-1.999
<b>Sum andre postar</b>	<b>594</b>	1.411	5.258
<b>Totalresultat</b>	<b>4.459</b>	3.905	22.055
Resultat pr. aksje	2,03	1,31	8,84
Utvatna resultat pr. aksje	2,03	1,31	8,84

## BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

### EIGNELUTAR

	31.03.16	31.03.15	31.12.15
Kontantar og fordringar på sentralbankar	75.285	71.995	76.637
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	2.086	98.444	93.817
Netto utlån og fordringar på kundar	3.274.599	3.150.647	3.126.643
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	222.204	272.016	307.966
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	92.615	124.021	92.665
Immaterielle eignelutar	6.999	10.998	7.998
Finansielle derivat	5.469	5.424	5.198
Varige driftsmidlar	33.103	35.165	33.551
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	7.719	10.732	7.034

### SUM EIGNELUTAR

**3.720.079** 3.779.442 3.751.509

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	2.945	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.889.338	2.849.885	2.910.521
Obligasjons- og sertifikatgjeld	351.335	412.432	377.210
Finansielle derivat	0	0	0
Utsett skatt	2.991	895	2.744
Anna gjeld	15.334	17.606	13.156
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	13.903	20.472	7.665
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	1.994	2.971	2.000
Ansvarleg lånekapital	77.726	123.398	78.159
<b>Sum gjeld</b>	<b>3.355.566</b>	<b>3.427.659</b>	<b>3.391.455</b>

### EIGENKAPITAL

#### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-43	-11	-43

#### Sum innskoten eigenkapital

9.457 9.489 9.457

#### Opptent eigenkapital

355.056 342.294 350.597

#### Sum opptent eigenkapital

355.056 342.294 350.597

#### Sum eigenkapital

**364.513** 351.783 360.054

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

**3.720.079** 3.779.442 3.751.509

Garantiansvar	94.778	98.119	105.362
Pantsetjingar	109.127	102.588	111.057
Eigenkapitaldekning	0,00 %	20,67 %	21,31 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.762.442	3.841.714	3.828.829


Voss, 19. april 2016


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA





Jorunn Lødemel


Styreformann

  
Ase-Karin Tennebekk

  
Nils T. Ringheim

  
Stein Kvarekvål

  
Johanna R. Solyberg

  
Einar Larsen  
banksjef

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

	31.03.16	31.03.15	31.12.15
Eigenkapital ved inngangen til året	360.054	347.878	347.878
Utbetalt utbytte førre år	0	0	-9.500
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	594	1.411	5.266
Kjøp / sal egne aksjar	0	0	-387
Resultat i perioden	3.865	2.494	16.797
<b>Eigenkapital ved periodeslutt</b>	<b>364.513</b>	<b>351.783</b>	<b>360.054</b>

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	Alle tal i NOK 1 000		
	31.03.16	31.03.15	31.12.15
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	26 247	39 756	144 222
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-6 533	-9 776	-65 264
Andre innbetalningar	425	509	2 359
Driftsutbetalningar	-10 721	-9 994	-40 023
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	21	51	84
Utbetalt utbytte	0	0	-9 500
Betalte skattar	-4 666	-7 444	-9 343
<b>Tilført frå verksemda</b>	<b>4 773</b>	<b>13 102</b>	<b>22 535</b>
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	-148 008	51 147	75 009
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	-21 183	4 572	65 208
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	-2 945	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	-25 875	-300 826	-336 048
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	- 5	-1 761	- 648
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	85 638	81 931	84 140
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	14 544	-10 493	-12 473
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	40 000	-10 000
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	267	- 430	- 713
<b>Netto kontantsstraum frå dagleg finansiell verksemd</b>	<b>-97 567</b>	<b>-135 860</b>	<b>-135 525</b>
Investert i varige driftsmidlar	- 289	- 208	- 825
Investert i immaterielle eignelutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	0	0	-9 136
<b>Netto kontantsstraum frå investeringar</b>	<b>- 289</b>	<b>- 208</b>	<b>-9 961</b>
Netto endring likvidar	-93 083	-122 966	-122 951
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	170 454	293 405	293 405
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>77 371</b>	<b>170 439</b>	<b>170 454</b>
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:</b>			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	75 285	71 995	76 637
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	2 086	98 444	93 817
<b>Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>77 371</b>	<b>170 439</b>	<b>170 454</b>

## Note 1 Tap og misleghald

### Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar  
 Endring i gruppevisse nedskrivningar  
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for  
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for  
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

### Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.03.2015	31.12.15
<b>31.03.16</b>		
-88	-820	-916
0	0	0
88	806	972
52	33	105
-21	-51	-84
<b>31</b>	<b>-32</b>	<b>77</b>

### Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)  
 Individuelle tapsnedskrivningar

### Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement  
 Individuelle tapsnedskrivningar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

### Netto tapsutsette engasjement

	31.03.2015	31.12.15
26.815	32.932	20.679
5.656	5.354	5.224
<b>21.159</b>	<b>27.578</b>	<b>15.455</b>
48.017	61.053	63.617
24.043	24.529	24.563
<b>23.974</b>	<b>36.524</b>	<b>39.054</b>
<b>45.133</b>	<b>64.102</b>	<b>54.509</b>

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån  
 Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar  
 Gruppevisse nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar  
 Netto utlån til kundar

	31.03.2015	31.12.15
3.323.375	3.199.606	3.175.506
-29.700	-29.883	-29.787
-19.076	-19.076	-19.076
<b>3.274.599</b>	<b>3.150.647</b>	<b>3.126.643</b>

## Note 2 Kapitaldekning

	31.03.16		31.03.15		31.12.15	
	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav
Lokale og regionale styresmakter	12.802	1.024	7.608	609	18.493	1.479
Institusjonar	5.775	462	35.575	2.846	34.130	2.730
Føretak	266.185	21.295	253.470	20.278	238.823	19.106
Massemarknad	4.045	324	3.414	273	4.070	326
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.285.030	102.802	1.252.220	100.178	1.232.425	98.594
Forfalne engasjement	17.764	1.421	47.313	3.785	11.917	953
Obligasjonar med fortrinnsrett	7.925	634	10.283	823	9.922	794
Andelar i verdipapirfond	47.874	3.830	46.871	3.750	47.942	3.835
Eigenkapitalposisjonar	39.326	3.146	33.034	2.643	39.313	3.145
Andre engasjement	145.393	11.631	168.417	13.473	148.147	11.852
<b>Sum kredittrisiko</b>	<b>1.832.119</b>	<b>146.570</b>	1.858.205	148.656	1.785.182	142.815
Operasjonell risiko	149.970	11.998	154.379	12.350	154.379	12.350
Frådrag for gruppevisse nedskrivningar		0	0	0	0	0
CVA risiko, motpartsrisiko	6.338	507	8.262	661	5.800	464
<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>1.988.427</b>	<b>159.075</b>	2.020.846	161.668	1.945.361	155.629
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-43		-11		-43	
Sum opptent eigenkapital	351.190		339.800		343.950	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-5.109		-8.029		-5.839	
Frådrag	-315		-396		-401	
<b>Rein kjernekapital</b>	<b>355.223</b>	<b>17,86</b>	340.864	16,87	347.167	17,85
Fondsobligasjonar til verkeleg verdi	37.726		40.398		38.159	
Frådrag for verdiendring fondsobligasjon	-2.726		-5.398		-3.159	
Frådrag i samsvar med overgangsvilkår	-14.000		-10.500		-10.500	
<b>Kjernekapital</b>	<b>376.223</b>	<b>18,92</b>	365.364	18,08	371.667	19,11
Fond for urealiserte verdiendringar	4.155		1.936		3.895	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	40.000		40.000		40.000	
Ansvarleg lånekapital ikkje kvalifisert som tilleggskap.	-231		10.500		-1.093	
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>43.924</b>	<b>2,21</b>	52.436	2,59	42.802	2,20
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>420.147</b>	<b>21,13</b>	417.800	20,67	414.469	21,31



### Note 3 Utlån og innskot fordelt på sektor næringer

	31.03.16	Utlån		
		Fordeling	31.03.15	Fordeling
Personkunder	2.694.882	81,09	2.498.218	78,08
Offentleg forvaltning	9.214	0,28	9.742	0,30
Finansielle foretak	4.874	0,15	3.826	0,12
Jord- og skogbruk	29.099	0,88	24.120	0,75
Industri og bergverksdrift	55.653	1,67	53.838	1,68
Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg	85.000	2,56	95.840	3,00
Varehandel , hotell og restaurant	73.549	2,21	83.401	2,61
Transport og kommunikasjon	62.655	1,89	77.941	2,44
Forretningsmessig tenesteyting og eigedomsdrift	246.256	7,41	253.099	7,91
Tenesteytande næringer elles	62.193	1,87	99.581	3,11
<b>Sum brutto utlån</b>	<b>3.323.375</b>	<b>100,00</b>	<b>3.199.606</b>	<b>100,00</b>

	31.03.16	Innskot		
		Fordeling	31.03.15	Fordeling
Personkunder	2.054.473	71,11	1.986.153	69,69
Offentleg forvaltning	74.366	2,57	104.658	3,67
Finansielle foretak	35.576	1,23	45.848	1,61
Jord- og skogbruk	12.395	0,43	12.685	0,45
Industri og bergverksdrift	47.974	1,66	37.297	1,31
Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg	106.952	3,70	71.787	2,52
Varehandel , hotell og restaurant	100.130	3,47	95.692	3,36
Transport og kommunikasjon	131.969	4,57	111.942	3,93
Forretningsmessig tenesteyting og eigedomsdrift	131.545	4,55	107.319	3,77
Tenesteytande næringer elles	193.958	6,71	276.504	9,70
<b>Sum innskot</b>	<b>2.889.338</b>	<b>100,00</b>	<b>2.849.885</b>	<b>100,00</b>

### Note 4 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløsmidler

	1. kv. 2016	1. kv. 2015	31.12.15	31.12.14	31.12.13
Realisert gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	-589	-2.287	-9.525	4.592	398
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og verdipapir med variabel avkastning	-522	-133	-348	4.675	-1.207
Netto verdiendring på valuta og fin.derivat	718	446	3.332	3.108	1.291
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-393	-1.974	-6.541	12.375	482

### Note 5 Endring i Verdipapirgjeld

	Balanse 01.01.16	Emittert	Innløyst	Øvrige endringar	Balanse 31.03.16
Serifikatgjeld	0	0	0	0	0
Obligasjonsgjeld, nominell verdi	375.500	0	-25.500	0	350.000
Underkurs / overkurs	1.710	0	0	-375	1.335
<b>Sum verdipapirgjeld</b>	<b>377.210</b>	<b>0</b>	<b>-25.500</b>	<b>-375</b>	<b>351.335</b>

### Note 6 Endring i ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon

	Balanse 01.01.16	Emittert	Innløyst	Øvrige endringar	Balanse 31.03.16
Ansvarleg lånekapital	40.000	0	0	0	40.000
Fondsobligasjon	35.000	0	0	0	35.000
Verkeleg verdijustering	3.159	0	0	-433	2.726
<b>Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon</b>	<b>78.159</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-433</b>	<b>77.726</b>